

## Tekstalternativ for video: AND

Velkommen til denne videoen frå biblioteket, der vi skal snakke om den Boolske operatoren "AND".

Dette er ein søketeknikk som hjelper oss å avgrense søket vårt. Vi kan kople to ulike termar saman med "AND". Det betyr at vi ber datamaskinen om å finne dokument som inneheld begge termar. Dersom eit dokument berre inneheld éin av termene, vil vi ikkje få treff på det dokumentet.

La oss illustrere dette litt, på venstre side av skjermen har vi ei lita database med alle dokumenta vi kan søkje på. Dersom vi søker med "AND" på Climate Policy og Transportation, må dokumentet innehalde begge orda for å gi oss treff. Det er berre eitt av dokumenta våre som gjer det, derfor vil vi berre få treff på eitt dokument.

I eit søkeskjema plasserer vi "AND" som regel mellom dei ulike kolonnene. For eksempel mellom kolonne 1 og 2 osv., eller mellom P og I osv. om du nyttar eit PICO-skjema.

Takk for at de høyrde på, og stikk gjerne innom biblioteket om det er noko de lurar på.